



Over: Best in show! Under: Dei beste hundane og dommaren ved slutten av ein vellukka utstilling

**MED TETT OPPUNDER 50 DELTAGANDE HUNDAR I STRÅLANDE SOMMARVER VART ÅRETS ELGHUNDUTSTILLING PÅ SKULEN I USKEDALEN EIN STOR SUKSESS. KVALITETEN VAR RETT NOK BLANDA, MEN DET VAR DET GRUNN TIL Å VENTA MED SÅ MANGE HUNDAR.**



Det slo dommaren fast overfor uskedalen.no då han hadde gjort jobben i ettermiddag. Også denne gongen henta arrangøren dommerekspertise frå Østerdalen, nærare bestemt frå Koppang i Stor-Elvdal og det var fyrste gongen John Smedbakken gjorde teneste på Vestlandet. Han var slik ein hundedommar skal vera - streng, men rettferdig.

Ikkje overraskande var det Telemarkshundar som gjekk til topps både blant dei grå og svarte. Den unge hannhunden FishermansKasper tilhøyrande Svein Inge Kostveit frå Vinje var best blant dei grå og hannchampionen Tjapp tilhøyrande Jon Bjarne Onsøien frå Skien gjekk til topps blant dei svarte hannhundane. Han vart også best in show. Dette var åttande gongen i si karriere han vart best i rasen.

Deltakinga var meir allsidig enn den som regel har vore tidlegare ettersom det vart stilt 8 gråhundar og også 2 jāmthundar.

Det var også gunn til å vera fornøgd med den lokale deltakingahvis ein ser heile Kvinnerad under eitt, men litt skuffande vartet at ingen hundar frå Uskedalen stilt. Vi har vitterleg svarte elghundar også her i bygda! Til gjengjeld var Herøysund godt representert. Arrangementet var smidig og greitt frå ende til annan.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Best av dei svarte var Lita